



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkje

Postboks 48, 6069 Hareid



tru



håp

“Lat ikkje hjartet dykkar uroast!
Tru på Gud
og tru på meg!
I huset til Far min
er det mange rom.”

Johannes 14.1-2

kjærleik



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkje

Postboks 48, 6069 Hareid

Tlf 70 09 51 30

www.hareid.kyrkja.no



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

www.kyrkja.no/storstavalt

KUL (kyrkjeleg undervisning og læring)

14-15 ÅR

“Konfirmant - Eg, Guds medarbeidar”
Hareid Kyrkjelyd 2026/27



VELKOMEN TIL KONFIRMANTFØREBUING

Konfirmasjonstida har samlingar gjennom 9 månadar der ein går igjennom og reflekterer over hovudelementa i den kristne trua.

På konfirmasjonsdagen er det ei forbønshandling for den einskilde.

Dette er ein del av kyrkjelyden si undervisning og læring der vi tek ansvar for det løftet vi gav saman med foreldra og fadrar ved døypefonten.

Undevisninga vil foregå på fleire måtar; undervisning i grupper i kyrkja/kyrkjelydshuset onsdag/torsdag etter skuletid, og ein laurdag (kl.13-15) i nov.

Etter nyttår ynskjer vi få til mindre grupper, tre kveldar, i heimar rundt i kommuna.

Plan for hausten vert sendt på epost før skulestart.

Du er velkomen til førebuing sjølv om du ikkje er døypt, men for å bli konfirmert må ein vere døypt.

Påmelding for året 26/27 vert i gudstenesta i kyrkja søndag 14.juni kl.11.00

Kort orienteringsmøte for konfirmantar og føresette rett etter gudstenesta, då opnar også elektronisk påmeldingsskjema.

Du melder deg på via det elektroniske påmeldingsskjema som du får link til på infomøte i kyrkja. Lever gjerne denne sluppen også ferdig signert i kyrkja 14.juni.

Dersom du er døypt i eit anna kyrkjesamfunn må du levere kopi av dåpsattest.

Ynskje om konfirmasjonsdag vert ikkje registrert før etter 14.juni.

Undervisningsåret

Første samling er rett etter skulestart. Det vert leir på Kjeldsund 4.-6.sept.og eit nytt leirdøgn på Holesanden etter påske. Alle skal møte på 5 obligatoriske gudstenester - 3 før jul, og 2 etter nytt år. I staden for 3 valfrie gudstenester, som tilegare år, deler vi konfirmantane inn i mindre grupper som skal vere hjelpearar på Super-MessyLaurdag og gudstenester 2 gongar kvar, i løpet av konfirmantåret.

Vi vil gjerne kartlegge:

Kva er dine interesser: Likar du syngje? Bake? Kan du vere hjelpeleidar på KUL? Teknikk? Spele instrument?

Samtalegudsteneste er søndag 25.april kl.16:00

Konfirmasjonshelga er 08. og 09.mai 2027

MOT - HENSYN - RESPEKT

Dette skal prege året i undervisning og handling. Dette skal vi alle øve oss i å leve etter, å vise kvarandre respekt i alt vi gjer og ta hensyn til kvarandre.

Det er ei forutsetning for konfirmasjon at alle følger førebuinga innanfor dei planar og reglar som vert gitt.

Kostnader:

Vipps kr.150,- som påmeldingsgebyr til 16290, så snart du har bestemt deg for å vere konfirmant i kyrkja - "deltakaravgift" mrk.med namn på konfirmant
Link til betaling av haustsemestere på kr.1000,- vert sendt på SMS i september og kr.1200,- for vårhalvåret, kjem på nyåret. Dette er med-betaling av ulikt undervisningsmateriell/mat/leir mm

Kontakt oss:

Har de spørsmål vedrørende opplegget så ta kontakt. Hareid kyrkjekontor: 70 09 51 30 / sms: 92 09 01 74 e-post: kyrkjekontoret@hareid.kommune.no



Påmelding - Konfirmantførebuing 2026/2027

Namn:.....mob til konf.

Eg tillet at det kan takast bilete som blir publisert utan namn, og kunningort namn i avisa for konf.dag
Dei som ynskjer konfirmasjon laurdag må krysse her
Endeleg fordeling av konfirmasjonsdagar vert lagt fram på møte med føresette i januar.

Kartlegging: hjelpeleidar i KUL spelar instrument bake
teknikk syngje

.....
Signatur konfirmant

.....
Signatur føresette



e-post føresette: _____

e-post føresette: _____